

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Nordland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Saltøa

Emne: Juletro og julehalv

Bygdelag: Setså

Oppskr. av: Harald Skavov

Gard: Sommerord

(adresse): Setså

G.nr. 2 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1+2+3.

1. No er det vanleg med juletro, men ein kan så nokolunde tidfeste då ein her i grenda tok til med denne skikken.

Det var ei velvopne jente her på grenda, Jensine Gjora, som var i Oslo hos moster si, fru Tjogesen, nokre år. Det var for ikkje 50 år sidan. Ho vart sjuk og kom heim og då tok ho til med juletrofest for barn heime i farsgarden. Seinare og i skulehuset. Det kunne vere kring 45 år sidan. Det var ikkje vanleg med juletro i heimane heller før den tid.

Jensine levde berre nokre få år etter ho kom heim, men skikken med juletrofest heldt seg, og anno den dag i dag står folket i grenda sjølv for tilskipinga. Leraren hjelper berre til sjølve festdagen. Det er eit hjart minne og ein god tradisjon som på denne måten er vorten bevart.

4. Den einaste pyntinga før ein tok til med juletro var finhauka einar på det kvitshura golvet. Det var vent, og det anga

godt, men det var ilt å gå på om ein ikkje hadde godt på føtene.

5. Skikken med einen heldt seg ei tid etter at ein tok til med juletre. Det var helst malinga av golva som gjorde einen heime-laus. Det hende seg og i somme bygdelag at dei hadde rein sagflis på golvet etter at dei hadde vaska og skura. Sagflisa tok da skit som kom inn med fotklærne og golvet heldt seg lenger reint. Dette med sagflisa var ikkje knytt til jula.

6. Juletreet er så stort at det står på golvet og nær runder taket. I vissa er det eit slikt i garden. I mindre rom der det bur folk, kårfolk, eldre systkin som har eige rom, der blir det gjerne sett eit mindre tre på eit bord, eller berre ein kvist oppå vegg.

7. Det er alltid lys i juletreet, men pynta eller er så ruse. Av ting ein vanleg ser er: Små norske flagg, kulørte kuler av ruseform og farge, glitter, snø (av bomull), englar og spir eller ~~stjerner~~ stjerner på toppen. Ein heng ikkje ~~ikkje~~ etande ting i juletreet, så nokor hånsting kjem ikkje på tale.

8. Det er støtt vakne med nå juletreet blir pynta.

9. Sjå 6. Treet står gjerne i ei kva inst i stua.

10. Fast tenningstid er juleaftens kveld.  
Sidan er det som det høver. Det blir gjerne tent når der kjem gjester. No har ellers somme fått elektriske julelys, og dei brenn då nokrå jant.

11. Ein har delvis hatt den skikken at barna i ei att kom saman i dei gusegardane til julelag, og då går ein m. a. og kring juletreet. "Dansar kring juletreet," som det heiter. Ein song då dei vanlege julesalmar og julesongar.

12. Nokon viss dato er det ikkje for når juletreet skal stå. Står det ikkje i vege, kan det stå både i januar og februar. Men står det i dagleg-stua kan ein vel seie at trettendagen (6. jan.) er tida da juletreet skal stå.

13. Sjå 7.

14. Her nyttar ein om lag berre firer, men grana er halden for å vere finare.

Resten er ukjent.